

Vår referanse 2020/46186-9  
Dato 02.11.2020«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

VARSEL OM OPPSTART AV FREDINGSSAK FOR OTTERNES - ÅTNES  
GB.NR. 33/9 OG DELAR AV GB.NR. 33/1, 3, 8, 38 OG 41 I AURLAND  
KOMMUNE

Vestland fylkeskommune varslar med dette at det for nemnde eigedommar vert føreslege freding med heimel i lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne (kulturminnelova) §§ 15 og 19, jf. § 22. Varsel om oppstart av fredingssak vert også kunngjort i avisene Sogn Avis og Hordaland, jf. kulturminnelova § 22 nr1. andre ledd.

**Omfanget av fredinga**

Forslag om freding etter kulturminnelova § 15 vil omfatte fyljande bygningar i Otternestunet (gb.nr. 33/9), eksteriør og interiør. I tillegg vil hagar/grøntanlegg knytta til dei ulike bruka i tunet og enkelt større inventar bli vurdert for freding. Bygningar som vert omfatta av varsel om freding er vist i tabellen nedanfor.

Objektnamn	Askeladden id	Bygningsnummer.
Håkonstova i Andersgarden	227439-1	177247588
Eldhus i Andersgarden	227439-2	177247537
Stall og sauehus i Andersgarden	227439-3	177247545
Løe i Andersgarden	227439-4	177247553
Stabbur i Andersgarden	227439-5	177247561
Vetlastova i Andersgarden	227439-6	177147596
Stovehus i Oddagarden	227439-7	177247642
Fjøs i Oddagarden	227439-8	177247650
Eldhus i Oddagarden	227439-9	177247634
Stabbur i Oddagarden	227439-10	177247626
Løa i Oddagarden	227439-11	177227618
Nystova/kårhus i Guttormgarden	227439-12	177247685
Gjertrudstova i Guttormgarden	227439-13	177247677
Stabbur i Guttormgarden	227439-14	177247790
Eldhus i Guttormgarden	227439-15	177246693
Fjøs i Guttormgarden	227439-16	177247804
Løe/fjøs/stall i Guttormgarden	227439-17	177555505
Stabbur/kvernhus i Thomasgarden	227439-18	12736916
Linastova i Thomasgarden	227439-19	177247707
Stabbeløa i Thomasgarden	227439-20	177247715
Stall i Thomasgarden	227439-21	177247723
Stabbur i Thomasgarden	227439-22	177247731
Eilertstova i Thomasgarden	227439-23	177247758
Kårstove i Thomasgarden	227439-24	177247766

Thomasløa	227439-25	177247774
Eldhus i Thomasgarden	227439	177247782

For å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet og for å beskytte vitskaplege interesser som knyter seg til det, er det òg framlegg om ei freding av området rundt kulturminnet jf. kulturminnelova § 19.

Kulturminna og området som er føreslått freda er vist på vedlagte kart (vedlegg 1). Avgrensing av omfanget av fredinga, og eventuelle justeringar av grenser, vil bli vurdert i samarbeid med partane i saka før spesifisert forslag om freding vert utarbeidd.

### **Grunngjeving for fredinga**

Vestland fylkeskommunen vurderer tunet på Otternes til å vere av nasjonal interesse. Dette på bakgrunn av at Otternes er eit av dei best bevarte og største klyngetuna i Vestland.

Bygningsmassen har ein sær s høg grad av autentisitet i både tunstruktur, bygningane sitt eksterior, interior og lause gjenstandar.

Det er svært få klyngetun bevart som har ein tilsvarende høg grad av autentisitet i både bygningsmassen, bygningsstruktur, hagar og omgjevnadar som det vi finn på Otternes. Otternes framstår i dag som eit særdeles godt bevart tidsbilete over ei tid som er forbi, og som det finnes få anlegg bevart frå som har den same høge grad av autentisitet.

Bygningsmassen på Otternes er svært variert og syner mangfaldet av bygningane i eit klyngetun på ein svært god måte.

### **Kort om kulturminnet**

Garden Otternes har ei lang historie og vert omtala i skriftlege kjelder allereie på 1500-talet. I tillegg er det registrert eit automatisk freda gravfelt på neset ved fjorden nedanfor tunet, noko som vitnar om at området har vore i bruk i svært lang tid.

Otternes var ein gard med god utkomme. Opphavleg var det to bruk på garden, men gjennom tidene har talet på bruk skifta og på det meste var garden delt i seks bruk. I hovudsak har garden bestått av fire bruk og tunet består i dag av bygningar knytt til fire bruk. I periodar var det svært mange menneske som budde og arbeidde på Otternes, men frå midten av 1800-talet og fram til ca. 1900 var det mange av dei unge som utvandra til Amerika. Dette saman med innføringa av nye måtar å drive jordbruk på, markerte ei nedgangstid for drifta av tunet. Etter 1960 vart tunet gradvis fråflytta og i 1996 flytta den siste av bebuarane ut og tunet har etter dette vore brukt som bygdetun.

Tunet på Otternes er organisert som ein kombinasjon av eit klyngetun og eit rekkjetun. Bygningane er knytt til fire bruk som i dag vert omtala som Andersgarden, Oddagarden, Guttormgarden og Thomasgarden. Namna er etter tidlegare eigarar/brukarar. Thomasgarden vert også kalla Framigarden.

Bygningane står der dei har stått og det har ikkje vore gjort store bygningsmessige tiltak i tunet, med unntak av restaurering av bygningane. Bygningsmassen i tunet er mangfaldig og det er her bevart ein stor variasjon av bygningar knytt til levemåten og drifta av gardane. Tunet består av fleire stovehus, kårhus, ulike fjøsbygningar, stallar, låvar, stabbur og eldhus. Då Otternes ikkje vart utskifta før på 1980-talet, har ein her bevart eit tun med svært høg grad av autentisitet. Mykje av det gamle jordbrukslandskapet rundt tunet er framleis bevart, og sjølv om det er kome nokon nyare tun i området, er det bøane og beitemarka som framleis dominerer omgjevnadane til tunet.

### **Fyljer av fredinga**

Eit vedtak om freding vil omfatte ei rekkje føresegner - fredingsføresegner. Formålet med fredingsføresegnene er å sikre eit varig vern av kulturminnet. Fredingsføresegnene gjev retningslinjer for forvaltning og vedlikehald av anlegget. Føresegnene vil ikkje vere til hinder for vidare eller framtidig drift av anlegget, så lenge denne ikkje er i strid med formålet med fredinga.

### **Vidare saksgang**

Vi ber om at eventuelle merknadar til varselet vert sendt til Vestland fylkeskommune innan 4. desember 2020. Marknadar kan sendast elektronisk til [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller pr. brev til:

Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Etter at fristen for å kome med innspel til varselet er passert, vil Vestland fylkeskommune utarbeida eit forslag til freding. Det endelege forslaget om freding vil bli utarbeida i samarbeid med partane det gjeld, offentlege styresmakter, osv.

Forslag om freding vil bli sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn hjå Vestland fylkeskommune og Aurland kommune. Framlegg om freding vil bli handsama politisk i Aurland kommune og i Vestland fylkeskommune før det vert sendt til Riksantikvaren for endeleg handsaming.

Vi ber om at eigeodomen blir handsama som freda inntil fredingsspørsmålet er avgjort. Vidare ber vi om at det vert tatt kontakt med Vestland fylkeskommune dersom nokon vil setje i verk tiltak på anlegget eller innanfor fredingsområdet, som vil medføre endringar eller gå ut over vanleg vedlikehald. Fylkeskommunen vil gje råd og rettleiing i slike tilfelle.

I medhald av kulturminnelova § 22 nr. 4 kan kulturminnestyresmaktene treffe vedtak om mellombels freding inntil saka er avgjort.

Nærare opplysingar og informasjon om fredingssaka kan dykk få ved å ta kontakt med Vestland fylkeskommune [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller på telefon nr. 05557

Med helsing

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

David J Aasen Sandved  
seksjonssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

1 Kartutsnitt som viser omfang til områdefreding jf. kml §19

Mottakarliste			
STIFTINGA OTTERNES BYGDETUN	Postboks 6	5741	AURLAND
Terje Bjørgum	Strandavegen 43	5745	AURLAND
Erling Vikesland	Askvegen 26	5306	ERDAL
Bård Skålnes Bjørgum	Otternesvegen 4	5745	Aurland
Lene Engvik Rasch	Otternesvegen 4	5745	Aurland
Solveig Fossly	Tuftebruvegen 17	3580	GEILO
Johan Terum	Otternesvegen 6	5745	Aurland
Ingvar Vikesland	Otternesvegen 1	5745	AURLAND
AURLAND KOMMUNE	Vangen 1	5745	AURLAND
STATENS VEGVESEN REGION VEST LEIKANGER	Askedalen 4	6863	LEIKANGE
KONTORSTED			R
FYLKESMANNEN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGE
			R

Kopi til:

RIKSANTIKVAREN Postboks 1483 Vika

KLIMA- OG Postboks 8013 DEP  
MILJØDEPARTEMENTET

